



FEDJE SKULE
c/o Fedje kommune Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Tandberg, 5557 2267

Svar på spørsmål om valfag

Vi viser til telefonsamtale og e-post 26. september 2023. Her fortel du at skulen har hatt tilbod om to ulike valfag i ungdomsskulen. Etter at fleire elevar har ønskt å byte valfag, står de no att med berre ein elev i det eine valfaget. Av omsyn til ressursbruk ønskjer skulen å avvikle dette faget. Du viser til Utdanningsdirektoratet si [rettleiing](#) om opplæring i valfag, der det står at

«Elevene blir fordelt på de valgfagene som settes i gang. Elevens rett er knyttet til valgfag, og ikke til et bestemt valgfag. Dette innebærer at så lenge skolen gir eleven opplæring i ett av de fastsatte valgfagene, så er elevens rett oppfylt. Skolen trenger derfor ikke gjøre enkeltvedtak om fordeling av elevene mellom de ulike valgfagene, og eleven har ikke klagerett på hvilket valgfag han eller hun får tildelt.

Det går likevel fram av forskrift til opplæringslova § 1-14 at «Skoleeigaren pliktar å setje i gang minst to ulike valfag per skoleår ved kvar skole. Skoleeigaren avgjer kva for valfag elevane skal få tilbod om, og korleis dette skal organiserast». Dette kravet er fastsett for å sikre at eleven faktisk har ei moglegheit til å velje mellom to fag. Vi legg difor til grunn at eleven har rett til å halde fram med faget hen har vald, sjølv om hen blir den einaste eleven i gruppa. Om eleven derimot sjølv vel å byte fag, er det sjølv sagt ikkje noko i vegen for at skulen kan avvikle faget.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Anne Tandberg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

